

## **Referat frå møtet i det regionale brukarutvalet 28. mars 2007**

Til stades: Ingrid Mällberg, Laila Bøe, Målfred Ølberg, Sissel Stavøstrand, Gerd Bjørkedal, Marit Sundal, Helene Aareskjold, Drude Berentsen og Olga Johannessen

Forfall: Jostein Melheim

Sekretær: Torleiv Bergland

### **1. Orientering ved konserntillitsvald Inger Hamborg**

Eigenpresentasjon

- Operasjonssjukepleiar, permisjon frå stilling ved Stavanger Universitetssjukehus (SUS)
- Tilsettevald styremedlem i Helse Vest styret, tidligare tilsettevald i Helse Stavanger styret
- I dag – konserntillitsvald for Unio i Helse Vest
- Unio = sjukepleiarar, fysioterapeutar, ergoterapeutar, forskulelærarar, prestar, forskarar med fleire
- Unio er største samanslutning i Helse Vest med om lag 6500 medlemmer

Tilsetterrepresentantar i styra

- Er tilsett i eit helseføretak
- Forslagsrett – kven kan verte føreslått? Svar: alle tilsette
- Moglichkeit for samarbeid: Unio, akademikarane og fag forbundet stiller felles liste ved val til styra (HF og RHF).
- Å kombinere rollene som tillitsvald i fagforening og verv som tilsettevald styrerrepresentant: Unio og fag forbundet aksepterar ei slik kopling. Akademikarane gjer det ikkje

Samhandling HF- og RHF-styra

- Ikkje noko formelt samarbeid mellom tilsettevalde i HF-styra og RHF-styret
- Det er ikkje mogleg å være tilsettevald i fleire HF i same region, eller for HF og RHF samstundes

Styrerolla

- Fullverdig styremedlem – med rettigheitar og ansvar
- Tilsettevald styremedlem representerar alle tilsette, både fagorganiserte og uorganiserte, leiarar og menige

Brukarutval – tillitsvalde, kva har vi felles?

- Særleg kunnskap og kjennskap til helsevesenet
- Fokus på pasient/pårørande, pasientbehandling, fag og kvalitet
- Oppeten av samanhengen pasient – fag – og arbeidstilhøva til dei tilsette
- Funksjonsfordeling og kvalitet (nærleik til tenestene versus kvalitet)
- Mål om utvikling og forbeting

Forbetringssområde/utfordringar

- Betre samhandling mellom yrkesgrupper (ha tid til å være proaktiv – ikkje vente på initiativ ovanfrå)
- Betre samhandling mellom ulike einingar
- heilsakleg behandlingsforløp, samhandling mellom ulike behandlingsnivå

- Medisinsk utvikling – moglegheiter versus begrensningar

Innflytelse og medverknad

- Formell og reell innflytelse, brukarrepresentantar er kjent med tilsetterepresentantar frå ulike arbeidsgrupper og vil såleis få reell medverknad

### **3. Orientering ved kommunikasjonsdirektør – Bjørg Sandal, Omdømmeundersøking av Helse Vest**

Resultat omdømmeundersøking beslutningstakrarar, mars 2007

- Utval av beslutningstakrarar, dvs. politikarar i stat, fylke og kommunar, embetsverk for stat, fylke og kommunar, og andre respondentar med relevant tilknyting til Helse Vest (Brukarutval, tillitsvalde og styra i HF og RHF)
- Todelt undersøking. A) Sjukehusreforma og det regionale helseføretaket B) Dei fem helseføretaka
- Påstandar – svarskaala frå 1 (heilt ueinig eller svært misfornøgd) til 5 (heilt einig eller svært fornøgd)
- Samanlikna med undersøkinga frå 2004. Dette har vi gjort for alle spørsmål knytt til Helse Vest RHF
- Nettoutval: 259 personar, svarprosent på 45,4

Resultat

- Embetsverk i fylke og stat er dei som i størst grad er einige i at helserregionen leverer helsetenester av høg kvalitet
- Brukarutvala er dei som i minst grad er einige i denne påstanden
- Resultatet er betra sidan målinga i 2004
- Fylkespolitikarane og kommunane er mest negative til at helsereforma har vore vellykka
- Embetsverket er igjen dei som i størst grad meiner reforma har vore vellykka
- Av fylka skil Rogaland seg positivt ut
- Resultatet totalt er betra sidan målinga i 2004
- Når det gjeld å fjerne korridorpasientar, kan det sjå ut som dette har lykkast best i Sogn og Fjordane
- Resultatet er forverra sidan målinga i 2004
- Embetsverket er dei som i størst grad meiner Helse Vest har greidd å ha god økonomistyring
- Stortingspolitikarane skil seg ut i negativ retning
- Totalt er resultata noko därlegare samanlikna med målinga i 2004
- Brukarutvala, styra og tillitsvalde er dei som i størst grad er einige i at det regionale helseføretaket lyttar til omverda
- Stortingsrepresentantane er minst einige i denne påstanden
- Igjen ser vi ei klar betring av resultatet samanlikna med 2004
- Stortingspolitikarane gir høgast skåre når det gjeld påstanden om at leiinga i RHF-et er tilgjengeleg for kontakt

- Brukarutval og representantar frå Hordaland er dei gruppene som i minst grad opplever at leiinga i HV er tilgjengeleg
- Resultata er betra marginalt sidan målinga i 2004
- Fylkespolitikarane er minst einige i påstanden om at det regionale helseføretaket markerer tydeleg at dei jobbar for pasienten sitt beste
- Det er små skilnader mellom dei andre gruppene
- Resultata totalt er betra sidan 2004
- Embetsverk, styra og tillitsvalde er mest einige i at dei har eit positivt inntrykk av det regionale helseføretaket
- Igjen er det stortingsrepresentantane som trekkjer mest ned
- Resultata totalt er betra sidan 2004

Når det gjeld påstandane nedanfor har respondenten først svart kva for eit HF han eller ho kjenner best i si profesjonelle rolle

Påstand: Eg opplever at mitt HF mottek og behandlar pasientar med respekt

- Her skårar Apoteka Vest høgast
- Det er generelt gode skårar, der ingen av føretaka skil seg ut

Påstand: Eg trur pasientane ved mitt HF føler dei er i trygge hender

Generelt føler beslutningstakarane at pasientane er i trygge hender i alle helseføretaka

Påstand: Mitt HF er nyskapande og nyttar tidleg ny teknologi

Helse Førde blir opplevd som noko mindre nyskapande enn dei andre helseføretaka

Påstand: Mitt HF lyttar til omverda

- Helse Førde og representantane frå Sogn og Fjordane opplever sitt helseføretak som noko mindre lyttande til omverda, enn dei andre helseføretaka

Påstand: Mitt HF er open og ærleg i sin informasjon

- Helse Førde og Sogn og Fjordane skil seg noko negativt ut

Påstand: Eg har i det store og heile eit positivt inntrykk av mitt HF

- Under halvparten av dei som har tilknyting til Helse Førde har eit positivt inntrykk av verksemda
- Elles er det jamt over nokså gode resultat

Påstand: Eg opplever at mitt HF samhandlar bra med primærhelsetenesta i mitt nærområde

- Også her er det Apoteka Vest som oppnår best skåre, mens Helse Førde får lågast
- Fleirtalet av beslutningstakarane er einige i at deira nærmeste helseføretak samhandlar bra med primærhelsetenesta

#### **4. Sak 03/07 Justering av honorar for det regionale brukarutvalet**

Det vart vist til at nestleiaren per i dag ikkje får noko ekstra godtgjersle for sitt verv. Nestleiaren er også aktiv mellom møta, både i forkant og etterkant av møta. Utvalet saknar felles retningslinjer for honorering frå HOD.

Utvalet tok til orde for å synleggjere kor mykje tid ein brukar i samband med brukarutvalet. Honoraret vil gjenspeile kvaliteten i utvalsarbeidet, vart det uttalt.

Utvalet peikte på at i kontrollkommisjonen i Sogn og Fjordane er brukarrepresentantane like høgt honorert som dei andre kommisjonsmedlemmene.

#### Vedtak

*Utvalet vert bedt om å sende inn innspel til sekretæren. Frist for å sende inn innspel er 16. april.*

### **5. Gjennomgang av oppdragsdokumentet til helseføretaka**

Utvalet var opptatt av korleis prioriteringsforskrifta vert praktisert i samband med prosjektet med å få sjukmeldte raskare tilbake i arbeid. Vil sjukmeldte få kome raskare til utredning og behandling sjølv om dei etter forskrifta ikkje har desse rettigheita, spurte utvalet. Brukarutvalet er redd prosjektet skal gå ut over kronikarane og dei som ikkje har noko arbeid å gå tilbake til.

#### Vedtak

*Det regionale brukarutvalet vil be dei lokale brukarutvala følgje med korleis helseføretaka følger opp krava stilt i oppdragsdokumenta.*

### **6. Sak 05/07 Gjennomgang av pågåande og planlagde prosjekt**

Brukarutvalet ønskjer å delta i følgjande prosjekt, der dei ennå ikkje er førespurt:

- Opptrappingsplan for rus
- Oppfølging av nasjonale strategiar for Kols og diabetes

#### Vedtak

*Ingrid Mällberg vert utpeikt som representant til prosjektet "Kvalitetsarbeid i Helse Vest". Gerd Bjørkedal vert utpeikt som ev. representant til prosjektet "opptrappingsplan for rus".*

#### Eventuelt

1. FFO har sendt brev til Helse Vest der dei spør om Helse Vest stiller krav til revisorattestert rekneskap ved søknad om tilskot til helsefremjande tiltak.

Helse Vest krev per i dag at søkerane legg ved godkjent årsrekneskap.

Torleiv Bergland  
Sekretær for regionalt brukarutval